Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato: 25.11.2025
Vår ref: 2018/1998

Dykkar dato:
Dykkar ref: Jarle Hamre

RAGN SELLS AS AVD BERGEN
Postboks 453
1471 LØRENSKOG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

Rapport etter tilsyn hos Ragn-Sells AS avd. Bergen, 26. oktober 2023
Kontrollnummer: 2023.287.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 26. oktober 2023 hos RAGN SELLS AS AVD BERGEN (organisasjonsnummer: 974737604).

Rapporten har følgjande delar:
- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet
Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet.
Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast
Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:
- Avvik 1: Verksemda har manglar i internkontrollen knytt til ytre miljø

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Ragn-Sells AS avd. Bergen må rette opp avvik snarast. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Statsforvaltaren avsluttar tilsynet
Vi ser oppfølginga etter tilsynet som avslutta.

De må betale gebyr
Ragn-Sells AS avd. Bergen må betale eit gebyr på 15 000 kr for tilsynet.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda har manglar i internkontrollen knytt til ytre miljø

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd nr. 6 og 7.

Om krava

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd stiller krav om at verksemda skal arbeide systematisk for å sikre etterleving av helse-, miljø- og sikkerheitsregelverket. Dette inneber mellom anna at verksemda skal:

- Kartleggje farar og vurdere risiko knytt til verksemda si drift (§ 5 andre ledd nr. 6): Risikovurderinga skal vere oppdatert og dekkje alle relevante aktivitetar, inkludert mottak og handtering av kasserte køyretøy. Når det kjem fram nye moment som kan påverke risiko, til dømes endringar i drift, nye observasjonar eller avvik, skal verksemda oppdatere risikovurderinga slik at ho til ei kvar tid speglar faktisk risiko ved anlegget.
- Ha rutinar for å avdekkje, rette opp og førebyggje avvik (§ 5 andre ledd nr. 7): Verksemda skal ha stadsspesifikke rutinar som fangar opp forureiningsfaren ved det konkrete anlegget og dei faktiske arbeidsoperasjonane som skjer der.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Verksemda hadde ikkje ein stadsspesifikk rutine for mottakskontroll av kasserte køyretøy på anlegget. Rutina som vart nytta var generell for Ragn Sells og omfatta ikkje vurdering av forureiningsfare ved mottak av skadde køyretøy. Kasserte køyretøy kan lekke farlege stoff, og avrenning frå mottaksområdet som var i bruk under tilsynet kunne renne direkte til overvatn med utslepp til Melkeviken. Det må gjerast konkrete vurderingar ved kvart enkelt mottak for å sikre at desse ikkje fører til forureining av omgivnadene.

Interne avvik som gjaldt ytre miljø var ikkje vurdert i risikovurderinga. Risikomoment som kjem fram gjennom interne avvik skal vurderast, og risikovurderinga må oppdaterast når dei påverkar sannsyn eller konsekvens for uønskte hendingar eller avdekkjer nye farar.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Ragn-Sells AS avd. Bergen må betale eit gebyr på 15 000 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 4 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Dette er ein lågare sats enn det som vart varsla på tilsynet. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 11. september 2023 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage
De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunngjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet
Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn. Tilsynet var gjennomført som ein del av Statsforvaltaren sin aksjon for kasserte køyretøy i 2023.

Frå Statsforvaltaren deltok:
- Åsmund Skancke Karlsnes
- Astrid Holte

Kontaktperson hos verksemda:
- Jarle Hamre

Anlegg
Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:
- Ragn-Sells AS avd. Bergen - Kasserte køyretøy

Tema
Følgjande tema vart kontrollerte:
- utslepp til vatn
- utslepp til luft
- handtering av avfall, inkl. farleg avfall
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling

Regelverk
Tilsynet omfatta følgjande regelverk:
- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Nytt område for behandling kasserte køyretøy

Verksemda har i etterkant av tilsynet flytta aktiviteten til eit nytt bygg. Vi føreset at behandling av kasserte køyretøy på den nye lokaliteten skjer i samsvar med løyvet og krava i avfallsforskrifta kapittel 4.

Handtering av f-gass

Avtappa f-gass kan bli gjenbrukt i køyretøy, levert som farleg avfall til godkjend mottakar eller selt til sertifiserte verksemder.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til sfvlpost@statsforvalteren.no og merkar e-posten med 2018/1998.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Astrid Holte
senioringeniør

Åsmund Skancke Karlsnes
senioringeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

BERGEN KOMMUNE	Postboks 7700	5020	BERGEN